



## MØTEINNKALLING

**Utval:** Komite for helse og omsorg  
**Møtestad:** Møterom 1 og 2 Herøy helsesenter  
**Dato:** 26.01.2017  
**Tid:** 14:00

Melding om forfall til tlf. 70081300.

Forfall til møter i kommunale organer skal vere gyldig i hht. Lov om kommuner og fylkeskommuner § 40, nr. 1.

Varamedlemer som får tilsendt sakliste, skal ikkje møte utan nærare innkalling.

---

**Oppmøte ved Barn, familie og helseavdelinga kl 14.00**

Fosnavåg, 19.01.17

Bjørn Otterlei  
leiar

## **SAKLISTE:**

Saksnr	Innhold
PS 1/17	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 2/17	Protokoll frå førre møte
PS 3/17	Referatsaker
PS 4/17	Økonomisk sosialstønad - Herøy kommune

### **Referatsaker**

RS 1/17	Tilbakemelding på fylkesmannen si kartlegging av krisesentertilbod i kommunane
RS 2/17	Orientering om arbeidet i Oppreisningsordninga for tidlegare barnevernsbarn i Møre og Romsdal for 2016
RS 3/17	Evaluering av helse- og omsorgstenesta pr. 12.01.17

### **Orientering/drøfting:**

- Synfaring og informasjon om barnevernet
- Gjennomgong av rapporten etter forvaltningsrevisjonen innan barnevern
- Orientering om kartlegging innan psykisk helse og rus (brukarplan)
- Leiar av komiteen vil informere om førebelse konkurransedokumentet for evaluering av helse- og omsorgstenestene.

### **Forslag til møteplan for komiteen i 2017:**

16.02.17	23.03.17
27.04.17	15.06.17
17.08.17	07.09.17
05.10.17	16.11.17
07.12.17	

**PS 1/17 Godkjenning av innkalling og sakliste**

**PS 2/17 Protokoll frå førre møte**

**PS 3/17 Referatsaker**



HERØY KOMMUNE  
HERØY KOMMUNE

NAV Herøy

## SAKSFRAMLEGG

---

Sakshandsamar:	JARSTO	Arkivsaknr:	2016/1633
		Arkiv:	F10

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
4/17	Komite for helse og omsorg	26.01.2017
18/17	Formannskapet	24.01.2017

### ØKONOMISK SOSIALHJELP - HERØY KOMMUNE

#### Tilråding:

Kommunen vil auke fokus på økonomisk sosialhjelpmottakarar framover for å styrke kunnskapen om fagområdet og søkje å få ned talet på dei som treng økonomisk sosialhjelp.

Kommunen vil arbeide for å få på plass eit tilbod som hjelper dei unge inn i ein aktiv kvardag og som samtidig gjer at dei ikkje er avhengige av økonomisk sosialhjelp.

Særutskrift:  
Avd. for barn, familie og helse  
NAV Herøy

## **Vedlegg:**

### 1 Rapport - Økonomisk sosialhjelp

#### **Saksopplysningar:**

Kraftig auke i arbeidsledige i Herøy kommune er ei av årsakene til auke i økonomisk sosialhjelp. Per 30.10.16 er det utbetalt NOK 4 147 946,- i økonomisk sosialstønad, dette er ein auke på NOK 844 858,- samanlikna med tilsvarande periode året før. Dette er ein auke på 20,4%.

I rapporten som følgjer viser utvikling, endring og samansetning av mottakarar av økonomisk sosialhjelp. Rapporten syner også fleire faresignaler om at utgifter til økonomisk sosialhjelp kan fortsette å auke i tida framover. Høg arbeidsledigheit, høgt tal på personar som mottar arbeidsavklaringspengar og høgt tal på personar som er sjukemelde er slike faresignal.

#### **Vurdering og konklusjon:**

Den negative utviklinga i utgifter til økonomisk sosialhjelp er ei stor utfordring for den einskilde, men også for kommuneøkonomien, og er eit område som må ha høgt fokus i tida framover.

Innføring av aktivitetskrav for unge mottakarar av økonomisk sosialhjelp kan vere med å stagge tal på personar som mottar slik hjelp, men dette åleine vil ikkje vere tilstrekkeleg. Kommunale bustader, tilrettelegging for arbeidstrening i kommunen, styrking av verkemiddelapparat er andre område som bør vurderast.

#### **Konsekvensar for folkehelsa:**

Personar som er avhengig av økonomisk sosialhjelp og ikkje er i stand til å sikre økonomisk uavhengigheit påverkar folkehelsa. Tilrettelegging for at flest mogleg skal bli økonomisk uavhengige, har høg prioritet i kommunen.


Fosnavåg, 24.11.2016

Olaus-Jon Kopperstad  
Rådmann

Inger Marie Tofthagen  
Avd.leiar

Sakshandsamar: Jarle Stordal, NAV

# «Økonomisk sosialhjelp»



*«Ei båt lengd føre»*



*«Vi gir mennesker muligheter»*

**Bakgrunn:**

**1. Utgifter til sosialstønad**

Per 31.10 er det utbetalt NOK 4 992 804,- i økonomisk sosialstønad, dette er ein auke på NOK 844 858,- samanlikna med tilsvarande periode året før. Ein auke på 20,4%.




Fig. 1: Grafisk oversikt over utbetalt økonomisk sosialstønad i Herøy kommune 2015-2016

Nøkkeltall Velferd	2015	2014	2013	2012	2011	2010
Utbetalt	5 174 088	5 040 447	6 100 343	5 602 132	4 346 049	4 494 387

**1.2 Gjennomsnittleg økonomisk stønad per brukar:**

Herøy kommune	2015	2014	2013	2012	2011	2010
Gjennomsnittleg øk. stønad:	36 437	31 307	34 859	33 952	25 267	26 076

## 1.2 Antal brukara med økonomisk sosialhjelp:

Frå 2014 til 2015 var det ein nedgang i antal brukara som mottar økonomisk sosialhjelp på i alt 19 brukara, eller 10%. For 2016 vil vi nok sjå ein auke i antal brukara. Per 31.10.16, er det registrert 137 brukara med økonomisk sosialhjelp.

Herøy kommune	2016*	2015	2014	2013	2012	2011	2010
Brukara med øk. sosialhjelp:	137	142	161	175	165	172	176

\*) tall per 31.10.16

## 1.3 Antal brukara med økonomisk sosialhjelp – Alderssammansetning:

Alderssammansetning av brukara som mottar økonomisk sosialhjelp viser at ungdom under 30 år utgjør den største andelen, med 35%. Bakgrunnen for dette er ofte avbrott i utdanning og/eller manglande opparbeidd dagpengerettigheter.

Grafen under viser antal brukara, etter alder:




Fig. 2: Antal brukara som mottar økonomisk sosialstønad etter alder

Alder	2015	2014	2013	2012	2011	2010
Under 18	0	0	0	0	0	0
18-24	22% (31)	25% (41)	20% (35)	19% (31)	10% (17)	8% (14)
25-44	51% (72)	49% (79)	54% (94)	50% (83)	59% (100)	53% (93)
45-66	23% (33)	24% (39)	25% (43)	29% (48)	28% (48)	33% (58)
Over67	4% (6)	(1%) 1	1% (3)	1% (2)	3% (5)	6% (10)



Auka i tal på ungdommar som motteke økonomisk sosialhjelp er bekymringsfull og noko vi held nøye auge med. Forklaringane kan vere fleire. For det første veit vi at arbeidsmarknaden har stramma seg til. Ikkje berre det siste året med nedgangen i maritime næringar, men det har blitt generelt vanskelegare å få jobb utan utdanning. Dei fleste unge som motteke sosialhjelp har lita eller inga utdanning.

Diagrammet under viser andel brukara som mottar økonomisk sosialstønad etter alder:




Fig. 3: Andel registrerte brukara som mottar økonomisk sosialstønad etter alder

#### 1.4 Antal brukara med økonomisk sosialhjelp – etter kjønn:

Fordeling av brukar etter kjønn viser en overvekt av menn, 77 menn og 57 kvinner.




Fig. 4: Andel brukara som mottar økonomisk sosialstønad etter kjønn

### 1.5 Antal brukara med økonomisk sosialhjelp – etter sivilstand:

Ikkje overraskande er det gruppa «ugifte» som utgjør den største andelen av økonomisk sosialhjelp, dette av fleire grunner.

- Den høye andelen unge brukara under 30 år
- Med bare ein voksen i husholdninga er det vanskelegare å få endane til å møtast
- Større konsekvensar når ein vert ramma av arbeidsledighet eller sjukdom




Fig. 5: Andel brukara som mottar økonomisk sosialhjelp etter alder

### 1.6 Brukara med økonomisk sosialhjelp som viktigaste kjelde til livsopphald:

Antall brukara med økonomisk sosialhjelp som viktigaste kjelde til livsopphold har vore stabil høye de siste årene. Andel brukarar med økonomisk sosialhjelp som viktigaste kjelde til livsopphold er aukande.

Herøy kommune	2016*	2015	2014
Brukara med økonomisk sosialhjelp som viktigste kjelde til livsopphald:	46	44	46
I % av alle mottakarar	34%	31%	25%

\*) tall per 30.10.16

### 1.7 Utbetaling per stønadstype

Tabellen under viser utbetalinger per år per stønadstype i perioden 2010-2015.

Utbetaling/år	2015	2014	2013	2012	2011	2010
Barnehage	53 935,00	178 438,00	157 749,00	114 948,00	70 554,00	106 729,00
SFO	33 218,00	65 678,25	98 407,00	85 201,00	15 493,00	1 475,00
Straum	375 341,96	446 989,40	604 062,96	472 580,74	581 496,00	536 127,00
Husleige	1 399 149,00	1 342 099,00	1 452 729,00	1 072 440,15	737 466,00	640 484,87
Forsikring						28 478,00

### 1.8 Busette flyktingar og økonomisk stønad

Tabellen under viser antal busette flyktingar og gjennomsnittlig utbetalt økonomisk sosialstønad i perioden 2010-15.

Nøkkeltall	2015	2014	2013	2012	2011	2010
Busette flyktingar år 1	18	9	9	6	13	8
Busette flyktingar år 2-5	38	38	31	33	25	30
<b>Totalt</b>	<b>56</b>	<b>47</b>	<b>41</b>	<b>39</b>	<b>38</b>	<b>38</b>
Gjennomsnittleg økonomisk stønad	21 356,00	22 727,00	30 013,00	34 076,00	16 389,00	15 637,00

### 1.9 Nye brukara som mottar økonomisk sosialhjelp (per 20.09.2016)

Hittil i 2016 er det registrert 37 nye brukara. Grafen under viser aldersfordeling av nye brukara. Som ein ser av grafikken er det aldersgruppa under 30 år som utgjer den klart størst gruppa, med 23 brukara eller en andel på hele 62%.

Årsaken til dette har samanhengen med konjektur nedgangen i oljesektoren som i fyrste omgang rammer de unge med kort ansiennitet og ufaglærte. Konjektur nedgangen gjer det dessutan vanskelegare for nyutdanna- og ufaglærte å komme inn på arbeidsmarknaden.




Fig. 6: Andel nye brukara i 2016 etter alder

Av nye brukara utgjær menn 57% og kvinner 43%, dette har samanheng med at det mannsdominerte yrker som er rammet av konjturnedgangen.

### 1.8 Langtidsmottakarar 2016:

Hittil i 2016 er det registrert 32 langtidsmottakarar av økonomisk sosialhjelp. Diagrammet under viser at ungdom under 30 er den største gruppa, og utgjør 38%.




Fig. 7: Andel langtidsmottakare av økonomisk sosialhjelp i 2016 etter alder

### 1.9 Hvem er brukarane av økonomisk sosialhjelp?

Det finns ingen typisk brukara, alle er individar med sine individuelle behov. Det kan f.eks. være:

- ungdom som er skulelei og har droppet ut av skolen
- ungdom med psykiske problema
- flyktingar som ikkje er kome ut i ordinært arbeid
- tynge rusmisbrukare som har gått i systemet over mange år med fleire ulike samansette behov for oppfølging frå ulike etatar
- personer som ikkje har opptent dagpengerettigheter
- personer som har brukt opp arbeidsavklaringspengar
- personer som har kome i akutt økonomisk situasjon

Sjå vedlegg 1 for meir detaljerte eksemplar på brukare.

## 2.0 Personer med nedsett arbeidsevne

Kommune	Antall	Andel av befolkninga
Molde	1021	6,0
Ålesund	1732	5,7
Kristiansund	1143	7,3
Vanylven	141	7,4
Sande	87	5,6
<b>Herøy</b>	<b>393</b>	<b>7,1</b>
Ulstein	257	4,8
Hareid	222	6,9
Volda	390	6,9
Ørsta	415	6,4

Tabell: Antal personer med nedsett arbeidsevne i utvalde kommunar i M&R per 30.06.16.

## 2.1 Mottakare av arbeidsavklaringspengar (AAP)

Kommune	Antall	Andel av befolkninga
Molde	773	4,6
Ålesund	1395	4,6
Kristiansund	894	5,7
Vanylven	114	6,0
Sande	62	4,0
<b>Herøy</b>	<b>333</b>	<b>6,0</b>
Ulstein	188	3,5
Hareid	185	5,8
Volda	290	5,1
Ørsta	323	4,9

Tabell: Antall mottakare av arbeidsavklaringspengar i utvalde kommunar i M&R per 30.06.16.

Kommunen har et høgt antall personer som mottar arbeidsavklaringspengar, dette er personer som har brukt opp sine rettigheter til sjukepengar. Går en lenge nok på AAP er utføre eventuelt overgang til økonomisk sosialhjelp som er det neste.

For Herøy er antalet på AAP per 30.06 steget til 377, hvorav 45 eller 12% av dem er i ferd med å bruke sine rettigheter på AAP. I grafen under ser en alderssammensetning av personer på AAP.




Fig. 7: Andel personer på arbeidsavklaringspengar (AAP) etter alder i Herøy

Andelen ungdom under 30 år utgjør 17%. Den klart største gruppa er aldersgruppa 40-59 år som utgjør 47%, eller 150 personer.

Ser ein på gruppa som er i ferd med bruke opp sine AAP rettigheter, er det aldersgruppa 40-59 år som er den største gruppa og utgjør 49%. Ungdom under 30 år utgjør 11 personer, eller 5%.




Fig. 7: Andel langtidsmottakere personer som er i ferd med bruke opp maks av arbeidsavklaringspengar (AAP)

## 2.2 Antal sjukemeldte

I Herøy kommune var det ved utgangen av oktober 266 sjukemeldte.

NAV måler antal sjukemeldte med gradert sjukemelding på 12 ukers tidspunktet. Tallet for Herøy er svært lavt med 11%, noe som ligger noko under fylkets og landsgjennomsnittet på 50%.

Dette har en delvis samanheng med høgt bruk av legevikarar i kommunen. Dette medfører alt for ofte til at arbeidsforhold opphøyrer, og at en faller utfor arbeidsmarknaden. Vegen tilbake til arbeidsmarknaden er for mange lang, og for nokon uopnåelig.

## 2.3 Mottakare av uføretrygd og som andel av befolkninga (18-67 år)

Antal personer som er mottakar av uføretrygd er svakt aukande. Med det høye antal personer på AAP, forventar vi en vekst i antall mottakare av uføretrygd i årene framover.

Kommune	30.06.14	30.06.15	30.06.16	30.06.14	30.06.15	30.06.16
Herøy	522	533	546	9,4%	9,6%	9,8%
Sande	115	111	121	7,0%	6,9%	7,8%

## 2.4 Arbeidssøkare som er i ferd å bruke opp sine dagpengerrettigheter

Det er en aukande tendens til at arbeidsledige som har vanskeligheter med å komme seg inn igjen på arbeidsmarknaden, har brukt opp sine dagpengerrettigheter. Overgang til økonomisk sosialhjelp er neste steg for noen av disse, såframt de ikkje har opptente midler eller eigendelar som de kan selge unna i påvente av at de igjen får innpass på arbeidsmarknaden.

## 3. Oppsummering

Herøy kommune har i alle år hatt ein raus praksis samanlikna med nabokommunane. Til dømes er det praksis å godkjenne bil og bilutgifter i Herøy, då geografi og muligheter for kollektivtransport gjer det vanskeleg å administrere ei familie utan. I Ulstein, Volda og Ålesund er tilhøva annleis, og der er det ikkje praksis. Det er også praksis i Herøy kommune å dekkje utgifter til barnehage og SFO, sjølv når ein av foreldra ikkje er i arbeid. Dette ut frå ein tanke om barnets beste. Mange kommunar dekkjer ikkje dette. Om ein skal endre praksis i Herøy, er ei problemstilling som må drøftast og vedtakast på politisk nivå.

Det viktigaste arbeidet NAV kan gjere for å hindre at fleire må søkje økonomisk stønad er å auke fokuset på arbeid og aktivitet. I ein veldig krevjande arbeidsmarknad er det gjerne dei med minst utdanning og erfaring som misser jobben først. Det er lovfesta, men ikkje satt i kraft, eit vilkår om aktivitet for alle som søker økonomisk stønad. Pr i dag finnest det ingen kommunale aktivitetar eller tiltak vilkåret kan nyttast opp mot. Det gjenstår å sjå når loven trer i kraft om Herøy kommune vil ha eit slikt tilbod.



## Vedlegg 1: Gjeldande statlige veiledende sosialsatser

De statlige veiledende brukas av dei alle fleste NAV kontor i landet, noen storbyer har egne satser.

### STATLIGE VEILEDENDE RETNINGSLINJER FOR UTMÅLING AV STØNAD TIL LIVSOPPHALD:

Nye satser pr 01.01.2016

Einsleg	kr. 5 850	(kr. 5 700)
Ektepar/samboere	kr. 9 750	(kr. 9 500)
Person i bofelleskap	kr. 4 850	(kr. 4 750)
Barn 0-5 år	kr. 2 250	(kr. 2 200)
Barn 6-10 år	Kr. 2 950	(kr. 2 900)
Barn 11-16 år	kr. 3 800	(kr. 3 700)
* Heimebuande ungdom (kommunal sats/vedtak)*uendra?!	kr. 2 200	(kr. 2 100)

### KOMMUNALE SATSAR FOR TILMÅLING AV: NØDHJELP OG REDUSERT YTING:

Nye satser pr 01.01.2015:

**NØDHJELP:** inntil sju dagar: (50% av fullt livsopphald)

Vaksne med eige hushald:	kr 98,- pr dag.
Ektepar:	kr 163,- pr dag.
Barn uansett alder:	kr 50,- pr dag.

**REDUSERTE YTINGAR:** Etter nødhjelp og fram til behandling av søknad eller tildelt time.

Vaksne med eige hushald:	kr 4 388,- pr mnd / kr 146,- pr dag.
Ektepar:	kr 7 313,- pr mnd / kr 244,- pr dag.
Personar i bufelleskap:	kr 3 638,- pr mnd / kr 121,- pr dag.
Barn 0-5 år:	kr 1 688,- pr mnd / kr 56,- pr dag.
Barn 6-10 år:	kr 2 212,- pr mnd / kr 74,- pr dag.
Barn 11-16 år:	kr 2 850,- pr mnd / kr 95,- pr dag.

## Vedlegg 2: Beskrivelse av et utval av mottakere av økonomisk sosialhjelp

### Mann:

Mann, har så vidt fullført grunnskule. Svært lite arbeidserfaring. Starta med rus tidleg i tenåra. Pr 2016 ruser seg m.a. på cannabis, heroin (injisering), GHB, opioider. Innlagt sjukehus grunna overdoser fleire gongar siste åra. Mykje kriminell aktivitet, med mange fengselsdommar. Er pr 2016 utan bustad. Siste soning ferdig i oktober 2016. Har i perioder, av varierende varigheit, økonomisk sosialhjelp til livsopphald, husleige (då han hadde leigeforhold), straum. Har fastlege, men greier ikkje følge opp avtaler verken med lege, NAV eller andre.

### Kvinne:

Einslig kvinne med 2 barn over 18 år som bur heime. Uføretrygda. Har over år, både saman med eksmann og på eiga hand, opparbeidd seg stor gjeld. Mange betalingsanmerkningar, kan i dag t.d. ikkje opprette nye abonnement. Har benytta seg av barna over 18 år, til å opprette nye abonnement på telefon, straum etc. Har store utfordringar med å disponere pengane sine, har ikkje oversikt over eigen økonomi. Kredittgjeld, private lån. Har tidlegare lang historie med interkommunal gjeldsrådgivar og økonomisk frivillig forvaltning av økonomi gjennom NAV. Grunna manglande vilje til samarbeid, har det vore utfordrande å få til å hjelpe. Søkjer av og til naudhjelp når ho er utan pengar, har ikkje mat til seg og barna. Har ikkje oppfølging frå helseapparat, utanom barnevern (på ettervern). NAV nettopp starta ny oppfølging i samarbeid med interkommunal gjeldsrådgivar, med mål om oversikt i økonomien igjen.

### Mann:

Einslig mann. Var yrkesaktiv i mange år tidlegare, men mista jobben. Hadde dagpengar, brukte opp retten sin og gjekk etter kvart over på økonomisk sosialhjelp. Har bakgrunn frå rus og kriminalitet, og har hatt store problem med å kome inn i arbeidslivet igjen. Hadde sosialhjelp til livsopphald, husleige og straum. Over i Kvalifiseringsprogram, med tett oppfølging frå sakshandsamar i NAV. Avklaringskurs og arbeidstrening, store vanskar med å bryte gjennom i det ordinære arbeidslivet på grunn av at ryktet om ham sprang i forkant. Kom etter kvart over i kommunalt tiltaksprosjekt, svært vellukka – hass eigne ord, er at han «fekk livsgnisten tilbake». Har kun hatt oppfølging av NAV siste åra.

### Kvinne:

Einsleg mor, 3 barn. Har arbeidsavklaringspengar, er psykisk sjuk. Har periodevis oppfølging av barneverntenesta. Ynskjer hjelp, men greier ikkje å ta i mot. Tar kontakt med NAV når straumen er stengd, dette har skjedd 2 gongar siste åra. Har ein svært marginal økonomi, der barnefar i liten grad stiller opp både økonomisk og samværmessig. Mor redd for å ta opp dette med far, da hun frykter at det går utover barna. Har familie som stiller opp for ho. Har oppfølging av NAV i form av arbeidsretta aktivitet, økonomisk råd og rettleiing. Får periodevis økonomisk hjelp, når ho greier å ta i mot, til ekstrautgifter som t.d. vinterklede til barna, konfirmasjon etc.

### **Familie:**

Flyktning familie mor og far, tre barn. Ved ankomst og fram til dei vart avklart til anna ytelse mottok familien øk. sos hjelp etter statens satsar til bolig, livsopphold, straum, transport og fritidsaktivitetar for barna. Familien fekk full øk sos utbetaling fram til mai 2016 før foreldra gjekk over på AAP og intro stønad.

Familien har frå mai supplerende øk bistand til husleige samt livsopphold og straum til bestemor fordi ho venter på avgjerd i sin alderspensjonssøknad. I tillegg får far og mor øk. sos. til tannbehandling.

Aktivitetar: Foreldra går på norsk kurs, barna spelar fotball.

### **Kvinnen:**

Utagerende psykisk sjuk person som har vore i NAV systemet over fleire år mottok supplerende øk. sosialhjelp til ferie, straum og fotpleie. Personen nyttar NAV kontoret som ein sosial arena til tider på grunn av personen sitt sosiale nettverk er fråverande i periodar. Personen er forholdsvis ung, har lav uføresats og har hatt uføretrygd over fleire år og har ikkje mulighet til å endre sin økonomiske situasjon. Personen har oppfølging frå kommunale tilbod men vert i periodar utestengt grunna utagering (dagsenter, lege).

### **Kvinne:**

Svært psykisk sjuk kvinne, enslig forsørger til 2 barn. Ho har AAP men med lav sats pga manglande opptente rettar frå arbeidslivet. Familien treng supplerende øk. sosialhjelp til mat, i periodar står familien heilt utan mat i huset og søker nødhjelp, mor skriv då handleliste og NAV handlar det mest nødvendige til neste utbetaling AAP.


NAV har fulgt opp mor med økonomisk rådgivning for å unngå at ho skal stå heilt utan mat. Mor har svært lite sosialt nettverk og er i periodar innlagt til behandling og barna bor då hos far. Mor har oppfølging frå andre kommunale tenester.

## **Referatsaker**

**RS 1/17 Tilbakemelding på fylkesmannen si kartlegging av  
krisesentertilbod i kommunane Tilbakemelding på fylkesmannen si  
kartlegging av krisesentertilbod i kommunane 13.12.2016 00:00:00  
FYLKESMANNEN I MØRE OG ROMSDAL**



Kommunane i Møre og Romsdal  
v/ Rådmann

 HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
Reg.nr.	Saksbeh.
19 DES. 2016	
Ark.kode P	
Ark.kode S	
J.nr.	Dok.nr.
Kassasjon	

## Tilbakemelding på Fylkesmannen i Møre og Romsdal si kartlegging av krisesentertilbod i kommunane

Kommunane er pliktige til å ha eit godt og heilskapleg tilbod om krisesenter til kvinner, menn og barn som er utsette for vald eller truslar om vald i nære relasjonar.

Ei evaluering av kommunane si oppfølging av krisesenterlova syner at det er utfordringar knytt til tenestetilbodet til voldsutsette med problem innan rus og/eller psykiatri, tilbodet til personar med nedsett funksjonsevne og tilbodet til menn og deira born. Evalueringa vart gjennomført av Velferdsforskningsinstituttet NOVA, rapport 19/14.

Med heimel i krisesenterlova § 9, utførte Fylkesmannen i Møre og Romsdal ei kartlegging på kva tilbod kommunane i Møre og Romsdal har til sine innbyggjarar.

### Fylkesmannen ønska tilbakemelding på følgjande spørsmål:

1. På kva måte ivaretek kommunen plikta til å gi eit tilbod om krisesenter til sine innbyggjarar i samsvar med krisesenterlova? Vi ber om at det særleg vert gjort greie for korleis tilbodet vert ivareteke for desse gruppene:

- a) Personar med problem knytt til rus og/eller psykisk helse
- b) Personar med funksjonshemming
- c) Valdsutsette menn og deira born

2. Kva instans i kommunen har ansvar for å sikre at innbyggjarane har eit tilbod om krisesenter?

3. På kva måte blir innbyggjarane informerte om kommunen sitt tilbod om krisesenter?

4. På kva måte følgjer kommunen opp sine brukarar på krisesenteret og i reetableringsfasen?

Dersom kommunen har skriftlege rutinar på dette, ber vi om at desse blir sendt inn.

## Funn frå kartlegginga

Fylkesmannen i Møre og Romsdal utførte våren 2016 ei kartlegging , og fekk svar frå 29 av 36 kommunar. Det kjem fram av kartlegginga at alle kommunane stadfester at dei har eit generelt krisesentertilbod til sine innbyggjarar. Ikkje alle svarer at dei har eit tilrettelagt tilbod til personar som har utfordringar med rus og /eller psykisk helse, personar med funksjonshemming og voldsutsette menn og deira born.

Alle kommunane har ein samarbeidsavtale med eit krisesenter. 18 kommunar har samarbeid med Krisesenteret for Sunnmøre IKS, der Ålesund er vertskommune. Krisesenteret for Nordmøre IKS har 7 samarbeidskommunar, med Kristiansund som vertskommune. Krisesenter for Molde og omegn IKS har samarbeid med 10 kommunar, med Molde som vertskommune. Rindal kommune har saman med 18 kommunar i regionen samarbeidsavtale med Krisesenteret for Orkdal og omegn IKS, der Orkdal er vertskommune.

Kommunane Smøla, Halså, Tingvoll, Fræna, Nesset, Volda og Hareid har ikkje svart på kartlegginga.

## Ansvarleg kommunal instans

Det er store variasjonar på kva for ein instans i kommunen som har ansvar for å sikre at innbyggjarane har eit tilbod om krisesenter. For dei samarbeidskommunane knytt til Krisesenteret for Sunnmøre IKS har 17 kommunar plassert ansvarleg instans i eining, seksjon, avdeling og liknande. Mange av dei kommunane har og med kontaktpersonar med namn og/ eller yrkestittel i tillegg. Ein kommune seier dei ikkje har plassert ansvaret i nokon instans.

Kommunane som har samarbeidsavtale med Krisesenteret for Molde og omegn IKS leverte alle eit felles svar der dei viser til at *«kommunen gjennom sitt vedtak om å være eierkommune har tatt sitt ansvar om å gi innbyggerne et krisesenter-tilbud. Kommunen følger opp sitt ansvar gjennom møter i Representantskapet»*. Her fekk ein ikkje svar på kva for ein instans i kommunen ansvaret er plassert. Ein kommune svare at budsjettansvaret låg hjå NAV.

Kommunane knytt til Krisesenteret for Nordmøre IKS har to kommunar plassert ansvaret i eining, og den eine kommunen og med kontaktperson. To kommunar svarer at ansvarleg instans er kommunen/ kommunestyret.

## Informasjon til innbyggjarane

Alle kommunane, med unntak av ein kommune, svarar at dei informerer om tilbodet på kommunen si heimeside, og då gjerne med lenkje direkte til dei krisesenter som dei har samarbeidsavtale med. Mange kommunar har i tillegg brosjyre tilgjengeleg på ulike offentlege kontor i kommunen. Mange av kommunane har god informasjon til tilsette, slik dei kan gje denne informasjonen vidare ved behov. Ein kommune svarar at det vert informert om krisesentertilbodet munnleg frå hjelpeapparatet når det er aktuelt, og at dei ikkje har rutinar for å ha brosjyrar eller informasjon på kommunen si heimeside.

### **Få kommunar med skriftleg rutinar**

Kommunane vart spurt om dei hadde rutinar for oppfølging under og etter eit krisesenteropphald, og om dei kunne sende inn skriftlege rutinar dersom dei hadde dette. To kommunar svarte at dei hadde skriftlege rutinar på oppfølging og sendte desse inn. 12 kommunar svarar at dei ikkje har rutinar pr. i dag, og to av desse sendte med andre rutinar som «prosedyre på tildeling av psykisk helsetenester» og «felles prosedyre for tiltak ved avdekking av vald i nære relasjonar». Det var 15 kommunar som ikkje nemnde dei skriftlege rutinane i sine tilbakemeldingar.

### **Tilsyn**

I lov om kommunale krisesentertilbod (krisesenterlova) § 9, skal Fylkesmannen «føre tilsyn med at kommunen oppfyller pliktene pålagde etter §§ 2, 3, 4 og 8». Fylkesmannen i Møre og Romsdal vil gjennomføre tilsyn i utvalde kommunar på området i 2017, og tilrår at kommunane arbeidar vidare med utarbeiding av rutinar. Kommunane må avgjera kvar ansvaret er plassert i kommunen.

Med helsing

Grete Teigland  
Direktør

Eli Mette Finnøy  
Rådgivar

Juridisk rådgivar: Marit Vestad

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

Deltakarar i Oppreisningsordninga for tidlegare  
barnevernsbarn i Møre og Romsdal

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
		127039/2016	Åge Brekk, 71 25 87 08	19.12.2016

## Orientering om arbeidet i Oppreisningsordninga for tidlegare barnevernsbarn i Møre og Romsdal for 2016

På samarbeidsmøte mellom deltakarkommunane den 25.02.2016, var det semje om at sekretariatet skulle sende ut ei orientering om arbeidet i Oppreisningsordninga på slutten av kvart kalenderår.

Tilsaman 30 av kommunane i fylket og Møre og Romsdal fylkeskommune har gått saman i ei Oppreisningsordning for tidlegare barnevernsbarn i Møre og Romsdal. Når det gjeld organiseringa av oppreisningsordninga etter §§ 2 og 3 i vedtektene, syner ein til at Fylkesmannen i Møre og Romsdal den 10.11.2015 oppnemnde følgjande medlemmer i Oppreisningsutvalet:

Leiar: tidlegare førstelagmann Aage Rundberget  
(vara: tidlegare sorenskrivar Magne Nerland).  
Medlem: spesialpedagog/politikar Maritta B. Ohrstrand  
(vara: fagkoordinator Heidrunn Avdem)  
Medlem: psykolog Arne Ytterhus  
(vara: spesialpedagog Bente Ursin Forseth)

Sekretariatet har som ei sentral arbeidsoppgåve, å handsame søknadar før avgjerd vert teke i utvalet. Her blei Åge Brekk tilsett frå 01.01.2016 som sekretariatsleiar. Konsulent Kari Rundmo frå administrasjonsseksjonen i fylkeskommunen er sekretær for utvalet. Rådgjevar Åsta Vadset ved Interkommunalt arkiv Møre og Romsdal, tar hand om dei arkivfaglege oppgåvene i sakshandsaminga av søknadane.

Sekretariatet hentar opplysningar i alle tilgjengelege arkiv med mogleg informasjon om ein søkjar, før, under og etter institusjonsplasseringa. Det er tale om kommunale, fylkeskommunale, statlege og private arkiv. Arkiva etter dei kommunale barnevernsnemndene og skulestyra er sentrale. Riksarkivet oppbevarar arkivet etter Kontoret for spesialskolene, og det statlege arkiverket elles tek vare på spesialskolearkiva.

Når det gjeld barneheimar, var fleire dreve av private organisasjonar som Frelsesarmeen, Indremisjonen, Nasjonalforeninga sitt helselag osv. Her er mykje av arkivmaterialet knytt til einiskildbebuarar makulert eller gått tapt på andre måtar. Det som kan finnast er oftast protokoller for inn- og utskriving av barna og årsmeldingar. I Fylkesmennene og kommunane sine arkiv kan det og finnast tilsynsrapportar og korrespondanse mellom fylkesmannen sin barnevernssekretær og Sosialdepartementet, som kan fortelje noko om korleis barna hadde det på barneheimen i kvardagen. Fleire spesialskolar og barneheimar har vore granska på 2000-tallet. Dette kan også gi informasjon om korleis omsorgen i det heile har vore i tidlegare tider, om straffemetodar som var praktisert og om overgrep som blei begått. Dette gir ein faktabakgrunn for å vurdere søkjarane sine eigenmeldingar om det dei har vore utsett for på institusjon.



Oppreisningsordninga for tidlegare barnevernsbarn blei kunngjort med verknad frå 01.04.2016. Hittil i 2016 er det motteke 19 søknader om oppreisning frå personar som då dei var barn eller unge blei plassert på barneheim eller ved spesialscole. Søknadane gjeld 11 plasseringar på spesialscolar og 8 på barneheimar, der 7 gjeld opphald på barneheimar i Møre og Romsdal. Fem av søkjarane har hatt avtale med sekretariatet om hjelp med utfylling av søknadsskjema. Av søkarane er 10 kvinner og 9 menn. Gjennomsnittsalderen for søkjarane er 60 år.

Søknadane gjeld følgande kommunar (talet på søknadar i parantes):

Fræna (1), Gjemnes (1), Haram (1), Herøy (1), Sula (1), Sunndal (3), Sykkylven (1), Tingvoll (2), Ulstein (2), Vanylven (1), Volda (1) og Ålesund (4).

Oppreisningsutvalet har hatt tre møter i 2016. Tilsaman 11 av søknadane er pr. i dag ferdigbehandla i utvalet. I 10 av desse er det løyvd tilsaman 3 600 000 kroner i oppreisningsbeløp som har kome til utbetaling frå dei ansvarlege kommunar med 2 550 000 kroner. Når det gjeld differansen mellom tilkjent og utbetalt pengesum, viser ein til avkortingsregelen i § 7 i vedtekta som fastset at det skal gjerast fradrag for erstatning/oppreisning ytt frå anna offentleg oppreisningsordning. Gjennomsnittlig tildelt beløp i utvalet utgjer då kroner 327 000 kroner, mens gjennomsnittleg oppreisningssum til utbetaling frå kommunane er 232 000 kroner.

Ein søknad blei avslått, då det ikkje var dokumentert omsorgssvikt.

Med helsing

Åge Brekk  
sekretariatsleiar

# FØRESPURNAD

## EVALUERING AV HELSE- OG OMSORGSTENESTA

### INNLEIING

Helse og omsorgskomiteen ynskjer ei analyse og evaluering av dagens organisering av helse og omsorgstenesta i Herøy. Dette skal danne grunnlaget for utarbeiding av to ulike utviklingsplanar; ein for verksemda og ein for bygningsmassa.

### **Dette oppdraget omfattar fase 1: analyse og evalueringsdelen.**

*Oppdragsgjevar vil stå fritt til å tildele fase 2 til ein annan aktør.*

*(Evt: Oppdragsgjevar vil ha opsjon på fase 2, det kan verte aktuelt å tildele det til ein annan aktør.?)*

### **KORT OM DAGENS ORGANISERING AV HELSE OG OMSORGSTENESTENE**

Frå 01.01 2017 er det innført ny organisering der alle helse- og omsorgstenestene er samla i ein sektor med kommunalsjef som leiar.

- 2 sjukeheimar: Herøy omsorgssenter og Myrvåg omsorgssenter
- Heimetenestene(er pr 01.01.17) delt i 2 geografiske distrikt, med base i tilknytning til omsorgssentra
- Omsorgsbustadar, med og utan døgnbemanning
- Dagtilbod
- Heimebuande
- Barnevern
- Helsestasjon og skulehelsetenesta
- Legetenesta
- Rehabilitering
- Psykisk helsearbeid
- Flyktingetenesta, bustadsosialt og rus
- NAV (?)

### **FØREMÅL OG BEHOV**

Helse- og omsorgstenestene har vore omorganisert fleire gongar for å møte stadig nye utfordringar i samfunnet. Det er no ønskeleg å evaluere organiseringa og tenestetilbodet med sikte på å stå best muleg rusta til morgondagens utfordringar. Det vert auke i talet på eldre frå ca 2023, og dette vil føre til auka omsorgsbehov, samstundes som det kjem nye pasientgrupper med nye utfordringar og ansvarsområde.

Målet med å gjennomføre ein strukturert planprosess er å sikre eit godt grunnlag for val av alternativ og berekning av økonomisk bæreevne for helse og omsorgstenestene i framtida.

I neste omgong (fase 2 i prosjektet) ynskjer vi å sikre at ressursane brukast på dei riktige prosjekta, og unngå at tid og ressursar til planlegging vert nytta på prosjekt som ikkje kan gjennomførast.

Vi ber om bistand til å planlegge/ innspel til kva kommunen bør gjere for å møte utfordringane i forhold til dei utviklingstrekkane vi ser kome.

## **OPPDRAGET GÅR UT PÅ:**

### **Fase 1:**

Analyse og evaluering av dagens innhald, oppbygging og organisering av helse og omsorgstenesta i Herøy.

Særleg skal ein sjå nærare på:

- Organisering og tildeling av tenester
- Kvalitet, struktur og dimensjonering av tenestene
- Type helse- og omsorg og innhald i tenestene
- Velferdsteknologi
- Kompetanse/kompetansebehov
- Interkommunalt samarbeid

### **Fase 2:**

Utarbeiding av to ulike utviklingsplanar; ein for verksemda og ein for bygningsmassa, basert på resultatet frå fase 1. Desse to delplanane skal knytast saman til ein heilskapleg plan som skal vise ulike alternativ for korleis tiltak kan løysast. Dette gjeld aktuelle og framtidige behov for innhaldet i tenestene i verksemda og bygningsmassa.

## FORSLAG TIL PROSESS:

- Kartlegging
- Analyse
- Evaluering

For å gjennomføre oppdraget på ein god måte, forutsett vi at det vert 3 lokale møte/samlingar:

- oppstartsmøte
- intervju med eit representativt utval
- presentasjon av rapporten

## **INFORMASJON OM GJENNOMFØRING AV KONKURRANSEN:**

Konkurransen vert gjennomført i samsvar med lov og forskrift om offentlege anskaffingar, **del I**, noko som inneber at det skal gjennomførast ein enkel konkurranse mellom fleire leverandørar. I tråd med dette, vert det sendt likelydande førespurnad til 3 stk. leverandørar som oppdragsgjevar vurderer som aktuell for dette oppdraget, med invitasjon til å gje inn tilbod.

## **KVALIFIKASJONSKRAV**

Valte tilbydar skal vere eit lovleg etablert føretak, som har oppfylt sine pliktar med omsyn til betaling av meirverdiavgift, skatt og arbeidsgjevaravgift. Den som får oppdraget, skal dokumentere dette ved å legge fram firmaattest, skatte- og mva attest før kontrakt blir signert.

Leverandøren må tilby personer med relevant kompetanse og erfaring til å gjennomføre dette prosjektet. Det stilles som minimumskrav at den som skal gjennomføre oppdraget har erfaring frå liknande organisasjonsevaluering. Leverandør må derfor i tilbodet oppgjere CV til dedikerte personar for oppdraget.

## **OFFENTLEG INNSYNSRETT**

Vi gjer merksam på at offentleglova gir rett til innsyn i dokument i offentleg verksemd. Tilbod og protokollar er skjerma etter off. loven § 23 3. ledd fram til tildeling av kontrakt er gjort. Etter tildeling av kontrakt, kan det gjerast unntak for evt. teiepliktbelagde opplysningar.

## **TILDELINGSKRITERIER:**

Oppdragsgjevar vil tildele oppdraget til den leverandøren som har det økonomisk mest fordelaktige tilbodet basert på følgjande tildelingskriterie:

- Pris 40 %  
alle prisar skal oppgiast utan mva, alle kostnader inkludert, også evt. reise diett mv.
- Innhald og kvalitet i presenterte løysing / oppgåveforståing 40 %
- Gjennomføringsevne og framdriftsplan 20 %

Vurdering av pris baserer seg på vurdering av totalpris for skisserte opplegg, der lågaste pris får 10 poeng, og øvrige tilbod får poeng etter ein lineær funksjon basert på prosentvis avvik fra lågaste pris.

Vurdering av dei andre tildelingskriteria baserer seg på oppdragsgjevars subjektive vurdering av tilbydar si skildring av løysing for oppdraget, og ei subjektiv vurdering av gjennomføringsevne og relevant realkompetanse ut over minstekrav, ut frå leverte CV-ar og framdriftsplan.

### Kontraktreglar

Det vil bli inngått kontrakt med den tilbydar som blir vurdert til å ha den beste løysinga.

### Tilbodet

Vi ber om å få tilsendt eit skriftleg tilbod basert på dei opplysningane som er gitt her. Dette må vise korleis oppdraget er tenkt utført.

### **Alle utgifter knytt til prosjektet skal vere inkludert.**

Transportutgifter, tidsbruk, kostgodtgjøring, ev. overnatting, og alle andre kostnader i samband med møte i Fosnavåg skal vere inkludert i tilbodet.

Tilbodet skal merkast: "Evaluering av helse- og omsorgstenesta"

Tilbudsfrist: .....

Tilbudet leverast på epost til: .....[@heroy.kommune.no](mailto:.....@heroy.kommune.no)

For seint innkomne tilbud vil bli avvist.

Vedståingsfristen er 3 måneder frå tilbudsfristen.

Dersom det er behov for fleire opplysningar, kan det takast kontakt med  
....., tlf. xxxxxxxxxxx

Mvh

Vedlegg: Prisskjema

**PRISSKJEMA**

Evaluering av helse- og omsorgstenesta

Alle priser skal oppgiast utan mva.

Prisene skal vere komplette og det skal ikkje tilleggas ekspedisjons- eller fakturagebyr

Oppg�ve	Antal og type	Einingspris	Sum
<b>Totalpris gjennomf�ring:</b>			

Opsjon p� evt oppf�lging	
Timepris, ex mva	
Dagspris, ex mva	

Firma: .....

Dato: .....

Signatur: .....